

Nytenkjing og utvikling av helsefagarbeider-tilbodet

Det vil vere naudsynt med større rekruttering til helsefagarbeid, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å få det til. Fylkeskommunen er ein utviklingsaktør som alltid skal søkje etter nye, gode og effektive løysingar til beste for innbyggerane våre.

Demografisk utvikling gjer at det vert stadig større etterspurnad etter helsefagarbeidarar, vernepleiarar, sjukepleiarar mm. Vi ser allereie at kommunane slit med å rekruttere nok. Nyleg framlagt rapport frå Helsepersonellkommissjonen ropar varsku, men forslår også løysingar.

Helsefagarbeid er i stor grad dominert av kvinner. Det er ei politisk målsetting å jamne ut skiljet mellom tradisjonelle «gut/jente-fag», og Vestland fylkeskommune deltek mellom anna i prosjektet «Menn i helse».

Digitale hjelpemiddel og velferdsteknologi vert ofte peika på som ein viktig del av løysinga på ressursmangel innanfor omsorgsarbeidet.

KrF trur det kunne vore eit spanande og viktig utviklingsarbeid om nokre av dei vidaregåande skulane våre deltok i å utvikle ein pilot for utdanningsløp på vidaregåande skule-nivå som kombinerte teknisk utdanning og helsefag. Etter kva vi skjønar er det allereie eit prosjekt-samarbeid på tvers av ulike linjer ma. å Bømlo- og Fitjar vgs, som går an å bygge vidare på.

Vi trur det vil vere svært framtidretta overfor brukane, kommunane og at det kanskje også kan hjelpe på interessa for at fleire, av begge kjønn, ser faget som aktuell yrkesveg. I tillegg vil det truleg også skape grobotn for utvikling av nye bedrifter som kan drive utviklingsarbeid innanfor området.

Spørsmål:

Er fylkesordførar samd med KrF i at dette er ei spanande og framtidretta satsing for Vestland fylkeskommune å ta leiarskap? Vil fylkesordføraren ta initiativ for å få til eit nytt utdanningsprogram for framtidens helsefagarbeidar?

Framlegg til vedtak:

Vestland fylkeskommune utarbeider ei sak der ein undersøker om det er interesse, og kva som krevst, for å utvikle ein ny pilot / søke godkjent fagplan for eit nytt helsefag som kombinerer teknisk kompetanse og helsefag. Faget skal i første rekke vere aktuelt for vidaregåande skule-nivå, men skal også vurderast for fagskule-nivå.